



SAKSGANG			
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Driftskomite	12.06.2012	034/12	HJo04065

Stadnamn - Høyring om forslag til endring i lov.

Vedlegg:

- 1 Høyringsskriv frå Kulturdepartementet av 10.05.2012
- 2 Lov om stadnamn av 18. mai 1990

Framlagt:

Saka skal sendast ut av: Sekretariatet

Særutskrift skal sendast til: Kulturdepartementet, Språkrådet ,Hardangerrådet

Rådmannen sitt framlegg til innstilling:

1. Odda kommune kan ikkje tilrå dei forslaga som er på høyring, då dei:
 - a. Bryt med eit sentralt prinsipp i stadnamnlova sitt føremål: Vern om stadnamn som offentlege kulturminne normert i samsvar med gjeldande normerings og rettskrivingsreglar i norsk .
 - b. Bryt ned den etablerte praksisen om at fastsetting av gardsnamn og bruka namn er eit offentleg ansvar og at gardsnamn og bruksnamn som inneheld gardsnamnet må skrivast med konsekvens og normerast i samsvar med rettskrivingsreglane i norsk.
 - c. Ikkje fangar opp det etablerte og avgjerdande skiljet i norsk forvaltning mellom personnamnet slektsnamnet (som er privat eige) og som ofte er avleidd av stadnamn(som er eit offentleg eige) og som er eit offentleg ansvar å fastsetja skrivemåten på i samsvar med gjeldande rettskrivings- og normeringsprinsipp i norsk.
2. Odda kommune legg til grunn at staten gjennom lovverket inkluderer og vernar om den kulturarven som ligg nedfelt i noverande praksis og at det er eit overordna mål at fastsetting av skrivemåten på gards- og bruksnamn framleis skal underbyggja og styrka forståinga av norsk i skrift og tale.

3. Ei privatisering og tilfeldiggjering -slik det ligg nedfelt i forslaget ved å overføra fastsetting av bruksnamn – også for dei som er avleidde av gardsnamn - til den som til ei kvar tid er eigar/festar fritt vald etter kva skiftform det kan skaffast skriftleg dokumentasjon for er eit brot med basis for stadnamnlova. Kva ukunnige danske embetsmenn ein gong i tida måtte ha stava kan ikkje bli oppheva til ein privat rett som vert påtvinga fellesskapet så vel som offentlege instansar. I tillegg vert det opna for at namnet kan skifta frå eigar til eiger. Odda kommune meiner at dette vil auka språkforvirringa og svekka grunnlaget for eit moderne norsk skriftspråk normert på eigen grunn.

Rådmannen i Odda, 25.05.2012

12.06.2012 Driftskomite

Behandling:

DRK-034/12 Vedtak:

Rådmannen sitt forslag vart samr. vedteke

Saka gjeld:

Kulturdepartementet et legg fram endringsframlegg til lov om stadnamn, oppsummert i høyringsskriv av 10.05.2012

Litt om bakgrunn/ gjeldande rett.

Stadmannlova har bestemmelsar om kven som kan fastsetja stadnamn i landet og om korleis dette skal gjerast. Stavemåten skal basera seg på den nedervde uttalen på staden og gjeldande rettskrivings og normeringsreglar skal leggjast til grunn.

Kommunen har vedtaksrett for namn på tettstader, grender, gater, vegar, bustadfelt samt eigne eigedomar og anlegg inkl parkar, torg, vassverk m.v.

Statens kartverk har vedtaksrett for stadnamn generelt inkl. gardsnamn.

Kommunen har uttalerett til alle saker om namneendringar og namnefastsettingar som skal gjerast av andre organ enn kommune sjølv (§ 6 1.led)

Eigar og festar her rett til å uttala seg om endringar av bruksnamn og har den same retten til å uttala seg i saker som gjeld gardsnamn når skrivemåten for gardsnamnet skal vera retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamnet .

Saker som gjeld gards –eller bruksnamn skal eigar / festar frå tilsendt direkte (§ 6 2.led)

Forslaget slik det ligg føre i vedlegg 1 inneber ei forskyving av vedtaksretten for bruksnamn frå den offentlege sfæren til den private .

I høyringsdokumentet drøftar ikkje departementet den prinsipielle skilnaden mellom stadnamn / bruksnamn på den eine sida og personnamn (etternamn) på den andre sida, men slår fast at;

” .. der eiers etternavn har en skrivemåte som avviker fra gjeldende rettskrivingsprinsipper, at man ser at det oppstår problemer ”

Eg hadde nær sagt - kva problem ?

Problemet ligg i at staten ikkje ser ut til å ha vilje til å vidareføre den godt etablerte forvaltingspraksisen som ligg implisitt i utforminga av noverande stadnamnlov.

Den baserer seg på at stadnamn er eit offentleg eige og at eit personnamn er eit privat eige (

Doglo – Dobloug, **Hjello** – Hjelle, **Moldøyna** – Moldøen, **Øyri** - Øren, Skipavåg – Schibeavaag, Vik – Wiik osv)

Forslaget om å gjera det til lov at den til ein kvar tid eigar / festar av eit bruk med bindande verknad kan bestemma skrivemåten for sitt bruk – også om det avleidd frå gardsnamnet dersom det kan dokumenterast tidlegare skriftformer som er identiske med eigar / festar sitt ynskje - underminerer dette skiljet .I tillegg vil det i resultat bryta ned etablert normeringspraksis og innføre unorske skrivemåtar for stadnamn som og er bruksnamn.

Dette medfører at t.d. at gardsnamnet Oppheim kan få ulike skriftlege variantar same på same plassen som (Opheim, Opheimshagen, Uppheim og Uppeim) og tallause variantar av Vik (Viik, Wiik, Viek , Wijk , Vihk, Wijk osv) innanfor same geografiske område og alle med krav om at det offentlege skal bruka dei rett til ei kvar tid, samt med skifterett frå eigar til eigar.

Ein misser og lett kontakten med gardsnamnet si tyding – som gjerne går tilbake til norrønt, dersom ein legg til grunn danske prestar og futar si staving på 1500 og 1600 talet – då forvanskningane og forvrengingane grunna samanbrotet av norsk som skriftspråk – var svært blomstrande

Stadnamna som Man(n)såker vart til Mogensager og Vasstun til Watzthun, som etter dei forslaget kunne blitt opphøva som rett skrivemåte på norsk med bindande verknad for offentleg bruk ved hjelp av ein ”tilfeldig” eiger / festar sitt vedtak .

Så langt eg kan vurderer forslaget som er på høyring vil det var eit stort tilbakeseg for alminneleg språkkjensle og stor skade for utvikling av norsk rettskriving .
Norsk språk har utfordringar nok om vi ikkje skal ta i bruk sjølvskot som metode .